Anleggsmidlar der kostpris er aktivert i regnskapet vert avskrive lineært over den økonomiske levetida. Større periodisk vedlikehald blir aktivert og vert avskrive over perioden fram til neste vedlikehald. Byggelånsrenter blir aktivert og tillagt aktuelle anleggsmidlar ved gjennomføring av store anleggsprosjekt.

Aksjar

Det er føreteke ei vurdering av verdien på selskapet sine aksjar. Alle aksjar er klassifisert som anleggsmidlar. Investeringane er bokført til kostpris. Er verkeleg verdi lågare enn kostpris, og verdifallet ikkje er vurdert å være forbigående, er aksjane skrivne ned.

Nedskrivning av anleggsmidlar

Anleggsmidlar som er del av ei Kontantstramgenererande Eining (KGE) er vurdert for indikatorar på nedskrivingsbehov ved årets slutt. Selskapets samla anleggsmidlar er vurdert som ei KGE, og i fall det føreligg indikasjonar på nedskrivning er behovet for nedskrivning soleis testa mot samla bokført verdi av anleggsmidlane.

Pensjonskostnader og pensjonsmidlar/-forpliktingar For ytingspensjonsordninga er noverdien av pårekna framtidige pensjonsytningar rekna ut i samsvar med forsikringstekniske prinsipp. Den utrekna oppsamla forpliktinga

vert samanhalden med verdien på innbetalte og oppsparte pensjonsmidlar. Netto pensjonsmidlar/-forplikting er balanseført som anleggsmiddel/ langsiktig gjeld. I tillegg er langsiktige netto pensjonsforpliktingar knytt til avtalefesta pensjon og eigne pensjonsavtaler med tidlegare tilsette ført som gjeld i balansen.

Selskapet nyttar seg av høve i NRS 6 til å bruke IAS 18 løysing for aktuarielle gevinster i perioden. IAS 18 seier at slike gevinster skal innregnes i andre inntekter og kostnader. Sidan rekneskapen er avlagt etter norske rekneskapsstandardar vil dette seie at slike gevinstar og tap føres direkte mot eigenkapitalen.

Selskapet sine innskøtspensjonsavtaler er kostnadsført i samsvar med faktiske innskot.

Skattekostnader og utsatt skatt

Skattekostnaden er knytt til det bokførte resultatet og består av to element:

- Skatt til betaling
- Utsatt skatt

Utsatt skatt er skatt på mellombels skilnader mellom skattemessig og rekneskapsmessig resultat. Utsatt skatt for 2022 er utrekna med 22 %. Utsatt skattefordel og utsatt skatt er ført netto som utsatt skatt i balansen.

Finansielle derivat

Finansielle kraftkontraktar som er inngått for å sikre pris på deler av venta framtidig kraftforbruk, er vurdert som sikringsinstrument, og vert ikkje balanseført. Resultateffekt av sikringskontraktane er resultatført i same periode som den samanhøyrande kraftkostnaden. Finansielle derivat som ikkje er sikringsinstrument er balanseført til marknadsverdi per balansedato. Realiserte og urealiserte verdiendringar av kontraktane er resultatført månad for månad.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Fjerningskostnad

Avsetting for framtidig fjerningskostnad og miljøforpliktingar er vurdert til noverdi av framtidige estimerte utbetalningar.

2. Godtgjering og løn

Det vart ikkje utbetalt godtgjering til styremedlemmar. Lønnskostnader for administrerande direktørar gjennom året inngår i andre driftskostnader og utgjer samla kr. 2.002.095. Det ligg ikkje føre nokon avtale om godtgjering ved opphøyr av arbeidsforhold for administrerande direktør eller styreleiar.

Det var for 2022 kostnadsført NOK 710.600 i revisjonshonorar, derav var NOK 40.500 kostnader i samband med rådgiving og anna ikkje-lovpålagt revisjon av årsregnskapet.



3. Bankinnskott

I posten betalingsmidlar inngår bankinnskott med NOK 0 mill. Av dette utgjer bundne betalingsmidlar NOK 0 mill.

4. Kortsiktige fordringar (NOK 1000)

	31.12.2022	31.12.2021
Kundefordringar		
Pålydande	843 067	796 582
Avsetning til dekning av framtidige tap	0	0
Bokført verdi i balansen	843 067	796 582
Andre kortsiktige fordringar		
Andre fordringar	382 468	156 478
Fordring i morselskapets bankpool	1 736 988	769 451
Konsernbidrag	0	0
Bokført verdi i balansen	2 119 456	925 929

5. Investeringar

Anleggsaksjar

Selskaps navn	Aksjekap. (1000)	Totalt tal på aksjar	Pålydande per aksje	Tal på aksjar	% eigar- andel	Bokført verdi (NOK 1000)
Diverse selskap						55
Sum anleggsaksjar						55

6. Langsiktige fordringar (NOK 1000)

	31.12.2022	31.12.2021
Netto pensjonsmidlar	19 409	16 569
Andre langsiktige fordringar	0	0
Bokført verdi i balansen	19 409	16 569

7. Varelager

Varelager vurderast til den lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. For lager av oksid blir anskaffingskost berekna etter FIFO metoden, medan andre råvarer blir vurdert til vegde innkjøpsprisar. Varer under tilverking og ferdigvarer, er vurdert til lågaste verdi av tilverkningskost og verkeleg verdi. Per 31.12.2022 er det gjort ei generell nedskrivning for ukurans på 31,1 mill. på varelageret.

8. Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for planmessige avskrivningar.

Planmessige avskrivningar er gjort på lineær basis over følgjande antall år:

- Maskiner, inventar o.l.: 3 - 20 år
- Bygningar: 20 - 40 år



9. Spesifikasjon av anleggsmidler (NOK 1000)

Investeringstype	Anskaff.kostnad per 01.01.22	Tilgang 2022	Avgang 2022	Avskrivn. 2022	Akkum. avskrivningar pr. 31.12.22		Bokført verdi 31.12.22
					Ordinære	Ekstra- ordinære	
FOU-investeringar	13 069	0	0	0	0	13 069	0
Maskiner, inv. o.l.	4 688 006	176 936	82 698	208 720	2 885 249	0	1 896 996
Bygningar	860 665	37 547	0	18 995	512 740	0	385 472
Miljøinvesteringar	227 523	0	0	0	0	227 523	0
Anlegg under utførelse	135 055	21 329	0	0	0	0	156 384
Grunnareal	151 307	0	0	0	1 263	0	150 044
SUM	6 075 625	235 813	82 698	227 715	3 399 252	240 592	2 588 896

I samsvar med Rekneskapslova § 5-3 tredje ledd, har selskapet plikt til å undersøke om det ligg føre eit nedskrivingsbehov på anleggsmidler dersom det er endringar i løpet av rekneskapsåret som kan indikera eit slikt verdifall.

Selskapets samla anleggsmidler er vurdert som ei kontantstraumsgenererande eining (KGE), og i fall det føreligg indikasjonar på nedskrivning er behovet for nedskrivning testa mot samla bokført verdi av anleggsmidlane. Vurderingane byggjer på en analyse av noverdien av venta framtidige kontantstraumar basert på drift av aktuell elektrolyseproduksjon. Utreknigane og vurderingane byggjer på ulike framtidige scenario, der sensitiviteten i føresetnadane er teke inn.

Den ekstraordinære situasjonen i europeisk økonomi og i energimarknaden gjennom 2022, har gitt ein usikker marknadssituasjon og har dempa etterspørselen etter aluminiumsprodukta til selskapet utover i året. Som ein konsekvens av den forverra marknadssituasjonen, beslutta selskapet å mellombels stenge 24% av elektrolyse kapasiteten i siste kvartal 2022. Krafta som ikkje vert nytta til produksjon av aluminium vert seld tilbake til marknaden.

Til tross for ein usikker marknadssituasjon i det korte bilde, er framtidsutsiktene for aluminium på mellomlang og lang sikt positive. EU har klassifisert aluminium som eit strategisk materiale for å nå «the EU green deal» fram mot 2030+ som understøtter ei positiv marknadsutvikling for selskapet sin produkt.

Per 31.12.2022 er det ikkje avdekkja nedskrivingsindikatorer knytta til den samla kontant-straumgenererande eininga (KGE).

10. Investeringar og avgang (NOK 1000)

Anleggsaktiva	2018		2019		2020		2021		2022	
	Inv	Avg	Inv	Avg	Inv	Avg	Inv	Avg	Inv	Avg
Mask., inv. o.l.	109 573	24 817	226 307	16 634	935 828	43 263	879 819	38 852	176 936	82 698
Bygningar	5 849	0	38 250	0	231 498	0	19 305	0	37 547	0
Anlegg under utførelse	279 183	0	885 790	0	-561 623	0	-512 105	0	21 329	0
Grunnareal	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	394 605	24 817	1 150 347	16 634	605 703	43 263	387 018	38 852	235 813	82 698



11. Pantsetting

Det er ikkje registrert pant i nokon av selskapet sine eigendelar.

12. Skatt

Utsett skatt og utsett skattefordel er rekna ut med utgangspunkt i de mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige balanseverdier. Utrekningane er basert på en nominell skattesats på 22%.

Skilnader der reversering påverkar skattepliktig inntekt:

Positive og negative mellombels skilnader som på reverseringstidspunktet høvesvis aukar eller reduserer skattepliktig inntekt, vert utlikna når reversering vert føreset å skje innanfor same tidsintervall. Det er rekna ut utsett skatt på nettogrunnlaget.

Skilnader der reversering ikkje påverkar skattepliktig inntekt eller fell utanfor intervall for moglege utlikning:

Påverkar ikkje reverseringa skattepliktig inntekt, kan den mellombels skilnaden ikkje inngå i grunnlaget for utlikning. Utsett skatt på slike skilnader er rekna ut separat, og balanseført saman med annan utsett skatt under langsiktig gjeld.

Mellombels skilnader (NOK 1000)	2022		2021		Endring 2022
	Positive skilnader	Negative skilnader	Positive skilnader	Negative skilnader	
Gevinst- og tapskonto	229	0	287	0	57
Varereserve råvarer	0	0	0	0	0
Varereserve egenprod. varer	81 906	0	25 900	0	-56 006
Varereserve innkjøpte varer	0	31 140	0	28 485	2 655
Nedskrivning metall-lager	0	0	0	0	0
Avskrivbare anleggsmidler	1 528 419	0	1 536 587	0	8 168
Leasingforpliktelse	0	1 268	0	302	967
Netto pensjonsmidler	19 409	0	16 569	0	-2 840
Avsetning tap ubrukt kraft	0	0	0	0	0
Netto gevinst valutalån	0	0	0	0	0
Avsetning jubileumsbonus	0	18 062	0	17 243	819
Fjerningsforpliktelse (SPL avsetning)	0	101 651	0	97 425	4 226
Oppskrivning tomt	69 444	0	69 444	0	0
Avsetning avtale gavepensjon	0	1 775	0	1 345	430
AGA gavepensjon	0	188	0	143	46
Udekkede pensjonsforpliktelser	0	0	0	0	0
AGA udekkede pensjonsforpliktelser	0	2 189	0	1 592	597
Sum	1 699 408	156 274	1 648 787	146 534	-40 881
Netto mellombelse skilnader	1 543 134		1 502 253		40 881
Utsett skatt(e) / fordel (-) 22%		339 489		330 496	8 994
Underskudd til framføring	0		0		0
Utsatt skattefordel framførbart underskudd	0		0		0
Netto utsett skatt(e) / fordel (-) 22%		339 489		330 496	8 994



Årets grunnlag for betalbar skatt framkjem slik (NOK 1000):

Rekneskapsmessig resultat	2 727 009
Ikkje frådragsføre kostnader	528
Endring estimatavvik OCI	278
Ikkje skattepliktig inntekt	0
Endring mellombels skilnader	-40 881
= Skattepliktig resultat før bruk av fremførbart underskot og konsernbidrag	2 686 934
Framførbart underskot	0
= Skattepliktig resultat	2 686 934

Årets skattekostnad framkjem slik (NOK 1000):

Skatt til betaling	591 125
Endring utsett skatt	8 994
Betalbar skatteeffekt konsernbidrag	0
Utsatt skatt ført via OCI	-61
Avrekning fjorårets skatt	0
= Årets skattekostnad	600 058

Avstemming av skattekostnad nominell skattesats (NOK 1000):

		%
Skatt på resultat før skattekostnad til nominell skattesats	599 942	22
Skatt på ikkje frådragsføre skilnader	177	22
Utsatt skatt ført via OCI	-61	22
= Årets skattekostnad	600 058	

13. Regulering av verdi tomt

Tomteverdien vart oppskreven i 1987 med NOK 50 mill. til NOK 55,6 mill. basert på takst. Oppskrivingsbeløpet vart nytta til fondsemisjon. Taksten på tomta vart sett til NOK 100 mill. I samband med innføring av utsett skatt i rekneskaperen er tomteverdien regulert opp med NOK 19,4 mill. Denne oppreguleringsverdien svarar til verdien for utsett skatt på det totale oppskrivings-/oppreguleringsbeløp NOK 69,4 mill.

14. Aksjekapital

Verdien av selskapet sin opphavlege aksjekapital, NOK 200 mill., fordelt på 500 000 A-aksjar kvar pålydande NOK 200 og 500 000 B-aksjar kvar pålydande NOK 200 vart i ekstraordinær generalforsamling 28. oktober 2014 nedskreven til 0. Nedskrivingsverdien vart overført til Annan Eigenkapital. Samtidig vart det fatta vedtak om aksjekapitalauke. Det vart utstedt 498 715 A-aksjar og 498 710 B-aksjar kvar pålydande NOK 201. Selskapets aksjekapital er dermed NOK 200 482 425.

B-aksjar kan seljast fritt, medan A-aksjar berre kan eigast av norske statsborgarar/selskap.

1. november 2014 vart samtlige aksjar overdratt til Hydro Aluminium as.

Aksjonæroversikt:

Hydro Aluminium as 100,0 %

Sør-Norge Aluminium AS inngår i konsernregnskapet til Hydro ASA. Årsrapporten og anna informasjon frå Norsk Hydro ASA kan lastas ned frå www.hydro.com, eller fåes ved å kontakte selskapet på adresse N-0240, Oslo



15. Driftsintekter

Alt metall blir sold til Hydro Aluminium. Metallet blir levert til pressverk i Europa.
Annandriftsinntekt består hovedsakelig av sal av strøm, samt CO2 kompensasjon.

16. Lønskostnad (NOK 1000)

Gjennomsnittlig tal på årsverk i 2022 var 347.

	2022	2021
Løn	313 453	281 681
Arbeidsgjevaravgift	35 661	32 750
Netto pensjonskostnader	27 402	25 920
Andre ytingar	3 526	1 582
Sum	380 042	341 933

Pensjonar

Selskapet har pensjonsavtalar i både Storebrand Livsforsikring AS og Nordea Liv Norge AS. Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordningar som oppfyller krava i denne lova.

Ytingspensjonsordning

Ordninga omfattar 272 pensjonistar. Ordninga omfattar livsvarig alderspensjon frå fylte 67 år.
Uføre-, etterletne- og barnpensjon er og dekkja i ordninga.

Netto pensjonskostnad – Ytingspensjon (NOK 1000):

	2022	2021
Noverdi av pensjonar opptent i perioden	23	100
Kapitalkostnad av tidlegare opptente pensjonar	3 602	3 547
Venta avkastning på pensjonsmidlar	-3 935	-3 696
Administrasjonskostnader	96	143
Periodisert arbeidsgjevaravgift	264	308
Netto pensjonskostnader inkl. AGA (10,6%)	50	402

Utrekna pensjonsmidlar / -forpliktingar(-) – Ytingspensjon (NOK 1000):

	31.12.2022	31.12.2021
Estimert nåverdi av påløpte pensjonsforpliktelse	-195 325	-196 804
Estimerte pensjonsmidlar	212 755	213 934
Netto pensjonsforpliktelse	17 430	15 130
Periodisert arbeidsgjevaravgift	0	0
Ikkje resultatført estimatavvik	0	0
Netto pensjonsmidlar	17 430	15 130

Pensjonsmidlar/-forpliktingar er klassifisert som følgjer i balansen (NOK 1000):

	31.12.2022	31.12.2021
Anleggsmidlar, andre lån og fordringar	19 409	16 569
Langsiktig gjeld, pensjonsforpliktingar	1 979	1 439



Følgjande økonomiske og aktuarmessige føresetnader er lagt til grunn:

	31.12.2022	31.12.2021
Diskonteringsrente	3,20 %	1,90 %
Venta avkastning på pensjonsmidlar	3,20 %	3,40 %
Årleg venta lønsvekst	3,50 %	2,50 %
Pensjonsregulering	0,00 %	0,00 %
Venta G-regulering	3,50 %	2,50 %
Turnover	4,00 %	2,00 %
Dødelegheitstabell	K2013	K2013
Arbeidsgjevaravgift	10,6 %	10,6 %

Utrekningane er gjort i samsvar med IAS 19. Estimatavvik er bokført direkte mot eigenkapitalen.

Selskapet sine juridiske forpliktingar er ikkje påverka av den rekneskapsmessige handsaminga av pensjonsforpliktingane.

Innskotspensjonsavtale

Med verknad f.o.m. 1.7.2011 blei det etablert ein innskotspensjonsavtale for alle tilsette under 57 år. Frå same dato blei eksisterande ytingspensjonsavtalar lukka for desse tilsette. Alle tilsette over 57 år valde å halda fram i eksisterande ytingspensjonsavtale.

Innskotsordninga omfatta per 31.12.2022 481 medlemmer. Uføre- og barnepensjon er knytt til ordning. Kostnaden for selskapets innskotsordning inkl. arbeidsgjevaravgift (10,6 %) var NOK 18,2 mill. i 2022.

Andre pensjonsordningar

Selskapet har usikra pensjonsavtalar for 21 personar, av desse mottek 20 personar gåvepensjon. Selskapet er også tilslutta ordning om Avtalefesta Pensjon (AFP) frå 62 til 67 år. Selskapet betaler ein eigendel av utbetalt pensjon. Forplikting knytt til AFP er klassifisert som usikra.

AFP-tilskotslova blei vedteken 19.2.2010. Effekten av dei nye AFP-reglane blei resultatført i 2010.

Kostnaden for ny AFP-ordning inkl. arbeidsgjevaravgift (10,6 %) var kr 6,6 mill. i 2022.

Oppsummering pensjonskostnad	2022	2021
Pensjonskostnad – ytingsordning (sikra)	50	402
Pensjonskostnad – innskotsordning	18 196	17 359
Pensjonskostnad – driftspensjon	2 246	2 257
Pensjonskostnad – driftspensjon (over 12 G)	287	287
Pensjonskostnad – ny AFP-ordning	6 623	5 615
Total pensjonskostnad	27 402	25 920



17. Mellomverande med føretak i same konsern (NOK 1 000)

	31.12.2022	31.12.2021
Fordringar		
Kundefordringar	836 629	801 860
Andre kortsiktige fordringar		
Forskotsbetalte kostnader	0	0
Fordring i morselskapets bankpool	1 736 988	769 451
Konsernbidrag	0	0
Sum fordringar	2 573 617	1 571 311
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	61 613	215 031
Skuldig utbytte	2 500 000	0
Langsiktig gjeld		
Langsiktig lån fra Norsk Hydro ASA	1 054 974	1 497 158
Sum gjeld	3 616 587	1 712 189
Vesentlige transaksjoner		
Salsinntekter	6 765 197	4 345 781
Varekjøp	2 485 234	1 064 048
Andre driftskostnader	85 590	85 592
Rentekostnader langsiktig lån	28 055	36 204

18. Endring egenkapital (NOK 1 000)

	Aksjekapital	Annan egenkapital	Sum
Eigenkapital per 31.12.2021	200 482	2 539 306	2 739 788
Årets estimatavvik på pensjonsforplikting		217	217
Avsett utbytte		-2 500 000	-2 500 000
Årsresultat for 2022		2 126 951	2 126 951
Eigenkapital per 31.12.2022	200 482	2 166 473	2 366 956





19. Nettvirksomheten (NOK 1.000)

Opplysningene nedafor knytta til Sør-Norge Aluminium AS' konsesjon til å eige overføringsnett for elektrisk kraft er ihht forskrift til energilovas § 4-4

	2022	2021
Overføringsinntekter	244 702	98 528
Sum driftskostnader	260 967	102 018
Driftsresultat	-16 265	-3 490
Grunnlag for kapitalavkastning	8 632	9 701
Avkastning	-188,4 %	-36,0 %
Inntektsramme eige nett	14 432	8 446
Meir-(+)/mindreinntekt (-) inkl. renter 1. januar	1 850	-66
Meir-(+)/mindreinntekt (-) inkl. renter 31. desember	14 632	1 850



7 Melding frå revisor



KPMG AS
Sø 136
N-5417 Stord

Telephone +47 45 40 40 63
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlinga i Sør-Norge Aluminium AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sør-Norge Aluminium AS som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap og kontanttraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata og kontanttraumane for regnskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram

© KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG global organization of independent member firms affiliated with KPMG International Limited, a private English company limited by guarantee. All rights reserved.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

Oslo	Elvarum	Mo i Rana	Tromsø
Alla	Finnshes	Molde	Trondheim
Arendal	Haller	Sandefjord	Tynset
Bergen	Heigesund	Stavanger	Utsenivik
Bodø	Knarvik	Stord	Ålesund
Drammen	Knutansand	Strøme	

Fennco Dokumentnr: WT1YB1-0BLB1-YUHQF-TEZYK-YC4IQ-A1N7U



med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerstene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhendet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekkjer gjennom revisjonen.

Bergen, 12. juni 2023
KPMG AS

Knut Olav Karlsen
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Penneo Dokumentnr: W1YBJ-0BBLBJ-YUH6F-TEZYK-YC4IQ-ATN7U



ÅrsRappoort

Sør-Norge Aluminium AS
Onarheimsvegen 54, 5460 Husnes
Telefon: 53 47 50 00 – www.hydro.com



Hydro

2022

